

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)



Sunnfjord
kommune

Tiltaksstrategi 2020 - 2023



Illustrasjon: Gregory Idehen

Innhold

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL).....	1
1. INNLEIING	3
2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING.....	3
3. MÅL OG UTFORDRINGAR.....	3
3.1 Mål med ordninga	3
3.2 Verdier i Sunnfjord kommune sitt jordbrukslandskap.....	3
3.3 Viktige utfordringar	3
4. RETNINGSLINJER OG PRIORITERINGAR.....	4
4.1 Vedtaksmynde	4
4.2 Aktuelle søkarar	4
4.3 Aktuelle tiltak.....	4
4.4 Søknadsfrist.....	4
4.5 Søknad	4
4.6 Prioriteringar	5
4.7 Tilskotssatsar av godkjend kostnadsoverslag	5
5. TILSKOTSTRONG	6
5.1 Bruk av midlar i perioden 2017 – 2019.....	6
5.2 Årleg tilskotstrong i perioden 2020 – 2023	6

1. INNLEIING

Kommunen har avgjerdsmynde i forvaltning av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i [forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket](#). Alle kommunar skal ha ein fleirårig tiltaksstrategi for prioritering av SMIL midlar. Den skal gje informasjon til Fylkesmannen når det gjeld fordeling av rammer, men skal òg vere eit nyttig hjelpemiddel for søkar og kommunen si sakshandsaming. I praksis skal tiltaksstrategien fungere som overordna retningslinjer i forvaltning av SMIL midlane.

2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING

For å styrke det lokale sjølvstyre har lokallaga av Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaget delteke i arbeidet med å utforme planen. Fylkesmannen i Vestland har fått høve til å uttale seg utan avgjerande merknader. Planen vart endeleg vedteken i utval for samfunn, kultur og næring 23.04.2020.

3. MÅL OG UTFORDRINGAR

3.1 Mål med ordninga

Formålet med tilskotsordninga er å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, og redusere ureining frå landbruket. Normalt blir tilskot løyvd til tiltak som går utover det som kan forventast av vanleg jordbruksdrift på ein landbrukseigedom.

3.2 Verdier i Sunnfjord kommune sitt jordbrukslandskap

Sunnfjord kommune med si langstrakte form inneheld varierte naturtypar med fjordane i vest til breen i aust. Klimaet har klart oseaniske trekk med høg årsnedbør og nokså milde vintrar. Jordbruket med sitt kulturlandskap set preg på område, og representerer natur og kulturhistoriske verdier som er eit resultat av allsidig matvareproduksjon over lang tid, gjerne fleire tusen år. Dei største kulturlandskapsverdiane er gjerne knytt til tungdrivne småbruk der dei disponible naturressursane over tid, er godt utnytta på ein berekraftig måte. Slåtte- og beitemark, bygningar og tun, gjerder og vegar, bekkar og vassdrag, skapar eit variert og særprega landskap som er viktig for tilhøyrse, tradisjon, verdiskaping og biologisk mangfald.

3.3 Viktige utfordringar

- Høvelege rammevilkår for eit aktivt landbruk tufta på berekraftig drift.
- Jordvern.
- Attgroing av viktig kulturmark og areal med høgt biologisk mangfald.
- Tap av levedyktige bestandar av pollinerande insekt.
- Etablering av framande skadelege artar.
- Forfall av verneverdige bygningsmassar og kulturminne.
- Tap av stiar og ferdselsvegar i kulturlandskapet.
- Erosjon og ureining frå landbruksareal.
- Utslepp av klimagassar.



4. RETNINGSLINJER OG PRIORITERINGAR

4.1 Vedtaksmynde

Den administrative fullmakta er delegert til einingsleiar for landbruk og miljø. Årleg rapportering til utval for samfunn, kultur og næring.

4.2 Aktuelle søkarar

Kven som kan få tilskot til SMIL midlar går fram av til ei kvar tid gjeldande regelverk for ordninga, *jf. forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*.

4.3 Aktuelle tiltak

Det kan søkast om tilskot til tiltak som tek vare på natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet, eller hindrar ureining frå landbruket. Aktuelle prosjekt må vere innanfor følgjande sju tiltaksgrupper:

1. kulturlandskapstiltak
2. biologisk mangfald
3. friluftsliv og tilgjengelegheit
4. kulturminne og kulturmiljø
5. forureiningstiltak
6. avrenning til vatn
7. utslepp til luft

Det kan òg søkast om tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt som omfattar miljøtiltak som dekker større områder, og som fører fram til konkrete tiltak innanfor tiltaksgruppene som er nemnd ovanfor.

4.4 Søknadsfrist

Søknadsfristen er sett til 1. april og eventuelt 15. august, dersom det er ledige tilskotsmidlar etter første fordeling. Ordninga skal publiserast gjennom lokalavis og på heimesida til kommunen.

4.5 Søknad

Søknader skal sendast inn digitalt med innlogging via ID porten/Altinn: [Søknadsskiema](#)

Søknaden skal som eit minimum innehalde følgjande:

- Omtale av tiltaket.
- Framdriftsplan.
- Kostnadsoverslag.
- Finansieringsplan.
- Kart over driftseininga der det aktuelle tiltaket, kulturminne, erosjonsutsette areal og område med viktige miljøkvalitetar er avmerkt.
- Fotografi og/eller teikningar.
- Løyve frå grunneigar dersom tiltaket skjer på leigd landbrukseigedom.
- Gjødslingsplan og journal over nytta plantevernmidlar.

For eigeninnsats vert tilrådde satsar godkjende:

- | | |
|---------------------------------|-------------|
| ▪ Planlegging av tiltak: | 150 kr/time |
| ▪ Manuelt utført eige arbeid: | 350 kr/time |
| ▪ Bruk av motorsag og ryddesag: | 350 kr/time |
| ▪ Bruk av traktor: | 600 kr/time |
| ▪ Bruk av gravemaskin: | 800 kr/time |

4.6 Prioriteringar

Generelle verdiar for prioritering av tiltak:

- Identitets- og symbolverdi.
- Alder og autentisitet.
- Estetikk.
- Miljøverdi.
- Pedagogisk verdi.
- Bruksverdi og tilgjenge.
- Utløysande for tildeling av tilskot gjennom ordningane i regionalt miljøprogram.
- Tiltak som følger opp vassforskrifta i regionale vassforvaltningsplanar.

Prioritering av søknader til like tiltak:

- kvalitet på plan
- samarbeidstiltak
- ålmenn interesse
- geografisk fordeling
- førstegongssøkar

4.7 Tilskotssatsar av godkjend kostnadsoverslag

Planlegging/tilrettelegging:	inntil 100 %
Biologisk mangfald, plan og tiltak:	inntil 100 %
Tiltak i gamal kulturmark inklusiv gjerding:	inntil 70 %
Kulturminne/kulturmiljø:	inntil 50 %
Verneverdige bygningar:	inntil 50 %
Ferdsestiltak i jordbrukslandskapet:	inntil 50 %
Ureining:	inntil 50 %
Dekke til gjødsellager:	inntil 50 %

- Tilskot til det einkilde tiltaket vil variere etter kvalitet, prioritering og tilhøve mellom disponible midlar og søknadsomfang.
- Ved landskapsskjøtsel er kostnadstaket sett til inntil 3000 kr per daa, som inkluderer eventuelle kostnader med fjerning og oppsetting av nytt gjerde. Det skal settast vilkår om at gamle farlege gjerder skal fjernast frå tiltaksområde, og at arealet skal beitast etter ferdigstilling.
- Til verneverdige bygg kan det maksimalt gjevast 100 000 kr per bygning.

5. TILSKOTSTRONG

5.1 Bruk av midlar i perioden 2017 – 2019

I perioden 2017 - 2019 har vi i vårt område, no Sunnfjord kommune, disponert ei ramme på 3 000 000 kr i SMIL midlar. Totalt er det søkt om tilskot til 89 prosjekt med godkjend tilskotsgrunnlag på om lag 12 000 000 kr.

5.2 Årleg tilskotstrong i perioden 2020 – 2023

Årleg tilskotstrong for tradisjonelle SMIL tiltak er stipulert med grunnlag i siste års erfaring, vedtekne tilskotssatsar og forventa aktivitet. Prisauke er ikkje inkludert i overslaget.

Tema	Tal søknader	Godkjend kostnad	Tilskotstrong
Kulturlandskap	16	850.000	595.000
Kulturminne	14	3.000.000	1.500.000
Oppleving/ferdsel	2	100.000	50.000
Landbruksureining	2	100.000	50.000
Andre	2	100.000	50.000
Sum	36	4.150.000	2.245.000

